



Bente Kristiansen  
Petedalsheia 20  
5254 SANDSLI

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/357 - 18/24382

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
15.08.2018

## Avvist søknad om tilkomstveg til fritidsbustad - gbnr 58/5 Lygre indre

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 05.02.2018, supplert den 13.06.2018.  
Saka gjeld søknad om tilkomstveg fram til eksisterande fritidsbustad.

### Planstatus

Fritidsbustad ligg innafør føremålet fritidsbustad i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Arealet den omsøkte vegen er planlagt ligg innafør LNF-føremålet i kommunedelplanen.

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

Teikningar og profilar av vegen er ikkje tilfredstillande utført. Profilane som er sendt inn er ikkje tilstrekkeleg til at vi kan ta stilling til søknaden.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og sakshandsamingsforskrifta, SAK 10, § 5-4.

**De må ta kontakt med eit ansvarleg føretak som kan stå ansvarleg for søknad og prosjektering av vegen, dersom det er aktuelt å søkje om tilkomstveg på nytt.**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om tilkomstveg til fritidsbustad avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søkjer på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**



### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement. .

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Bente Kristiansen  
Bente Kristiansen

Petedalsheia 20 5254  
Petdalsheia 20 5254

SANDSLI  
SANDSLI